

REFERAT 01-22 FRÅ MØTE I KVÅS KYRKJELYDSUTVAL

2. feb. 2022 på Lyngdal kirkesenter

Tilstades: Gro Alvheim, Ruth Miriam Foss, Gunn T. Hestad, Torbjørn Ougland og Marit Vegge

Forfall: Rune Hauan

Opningsord v/Marit

Sak 1/22: Referat og meldingar

Innkallinga og referatet frå førre møte blei godkjende.

- Me har fått inn ei ekstra gudsteneste 20. feb.
- Mange konfirmantmødre har sagt ja til å stille med kyrkjekaffi og ev. vere kyrkjevert denne våren. Ny liste er sett opp.
- Det har ikkje lukkast å få eit nytt medlem til diakoniutvalet. Eit nytt forslag kom opp, Jorunn Birkeland. Torbjørn spør.

Sak 2/22: Gudstenestene framover

Vi gjekk gjennom lista og såg spesielt på familiegudstenestene.

- Søndagsskolen deltek på familiegudsteneste 3. april.
- Kvås skole har ei eigen skolegudsteneste ons. 6. april.
- Familiegudsteneste er òg sett opp 5. juni. Då er det pinse, og det er tenkt utdeling av 6-års bok.

Sak 3/22: Kyrkjekaffi og liknande

Marit gjer ferdig lista over kyrkjevertar og -kaffi, og sender ut saman med referatet. Salt skal delta den 6. mars. Kanskje må me ha ein ekstra til å ta med kaffi den dagen.

Studentar frå Hald er i Lyngdal i månedsskiftet april/mai, og vil komme og delta på gudtenesta 1. mai i Kvås. Då kan offeret gå til NMSU eller noko av deira arbeid den dagen. Ruth Miriam tek ansvar her. Offeret til arbeidet i kyrkjelyden, som var tenkt den 1. mai, blir flytta til 17. april.

Sak 4/22: Eventuelt

Geir Olav Tveit er vikar for Geirulf Grødem når han er ute som feltprest det neste halvåret.

Neste møte i utvalet blir tysdag 19/4 – hos Gro

Kvås, 13/2 - 2022

Marit Vegge